

VERDI - dokument

for Stiftinga
Geirangerfjorden Verdsarv



INNHALD.....	3
BAKGRUNN.....	3
FORRETNINGSPLAN / FØREMÅLSPLAN.....	4
VERDIKJEDE OG KJERNEVERDIAR.....	5
VISJON.....	6
FØREMÅL.....	7
HOVEDMÅL.....	7
STRATEGI – KORLEIS NÅ VÅRE MÅL.....	7
PRODUKT / TENESTE.....	7
MARKNAD OG MÅLGRUPPER.....	8
ORGANISERING, LAUG OG KOMPETANSE.....	8
RESSURSAR.....	11
NETTVERKSPARTNARAR.....	11
UTVIKLINGSPROSJEKT – KORT OG LENGRE SIKT.....	11
KRITISKE SUKSESSFAKTORAR.....	11
INTERNASJONALISERING.....	12
AMBISJONSNIVÅ.....	12
VEDLEGG:.....	13
1. VEDTAK FYLKESTINGET I MØR FYLKE AV 09.12.08: UTVIKLING AV EIT VERDSARVSENTER.....	13
2. FORRETNINGSPLAN / FØREMÅLSPLAN.....	13
3. KARTLEGGING AV KOMPETANSEBEHOV I DEN NYE VERDSARVORGANISASJONEN.....	13
4. STIFTELSESDOKUMENT.....	13

INNHALD

Verdidokumentet representerer Stiftinga Geirangerfjorden Verdsarv sitt verdigrunnlag og fundament, samt det gir ei retning for framtidig drift og utvikling. Dokumentet skal representere eit ”levande” dokument, som skal vidareutviklast og fornyast, når dette syner seg tenleg, eller når nye tema vert viktig å inkludere. Verdidokumentet skal nyttast aktivt i drifta, ved tilsettingar og leing/styring av Stiftinga Geirangerfjorden Verdsarv.

BAKGRUNN

Bakgrunnen for utvikling av ein ny verdsarvorganisasjon – Stiftinga Geirangerfjorden Verdsarv er tredelt:

1. Vestnorsk fjordlandskap representert ved Geirangerfjordområdet og Nærøyfjordområdet vart 14. juli 2005 innskrevet som Noregs einaste naturarv område på den prestisjetunge verdsarvlista til UNESCO. Verdsarvrådet vart etablert januar 2006 som eit rådgjevande koordinerings- og samarbeidsorgan for oppfølging av verdsarvstatusen. I august 2008 vedtok Verdsarvrådet at ein ikkje ynskjer å etablere ei felles stifting for verdsarvområdet Vestnorsk fjordlandskap på noverande tidspunkt og avgjersla opna for ei meir desentralisert organisering av verdsarvarbeidet. Delområde sør har vald å løfte fram stiftinga Nærøyfjorden Verdsarvpark for å fremje og ivareta verdsarvarbeidet og nordområdet oppretter ein ny verdsarvorganisasjon som samorganiserer verdsarvarbeidet med utviklinga av eit verdsarvsenter.
2. Prosessen kring utviklinga av eit verdsarvsenter tok for alvor fart etter at kulturutvalet i M&R fylke besøkte Norsk Fjordsenter i Geiranger (mai/2008) og etter at Fylkestinget kort tid etter fatta eit intensjonsvedtak vedr. utvikling av eit verdsarvsenter i (juni/08): (utdrag)

”Fjordsenteret representerer eit tilnærma ideelt utgangspunkt for eit Verdsarvsenter for nordområdet i Vestnorsk Fjordlandskap,.... og det kan bli utvikla til å verte eit dokumentasjonssenter, forskings- og informasjonssenter og ein internasjonal møteplass der kulturuttrykk frå mange land og fleire kontinent kan bli utveksla.”


Fylkestinget fatta eit oppfølgingsvedtak 9. desember 2008 om utvikling av eit verdsarvsenter, nordre del – Geirangerfjordområdet, under føresetnad av statleg medfinansiering. Nærare 10 mill kroner vert dei neste 4 åra skyte inn i samorganiseringsmodellen frå vertskapsfylket. Vedlagt følgjer vedtak frå fylkestinget av 09.12.08 (vedlegg 1).

3. I UNESCO – konvensjonen for vern av verdas kultur- og naturarv, av 16. nov. 1972, **artikkel 5, bokstav e** finner ein følgjande grunnlag, som underbyggjer **statsparten** si viktige rolle kring utvikling av eit regionalt verdsarvsenter:

*”For å sikre effektive tiltak for vern, bevaring og formidling av kultur- og naturarv på eige territorium, skal hvert land som er tilsluttet konvensjonen, bestrebe seg på, så langt det er mulig og på den måte som er hensiktsmessig for hvert land:
e) å fremme opprettelse eller utvikling av regionale sentre for utdanning i vern, bevaring og formidling av kultur- og naturarv og oppmuntre til vitenskapelig forskning på området.”*

FORRETNINGSPLAN / FØREMÅLSPLAN

Ein kortfatta og forenkla forretningsplan / føremålsplan for den nye verdsarvorganisasjonen er utvikla og følgjer som vedlegg 2 til Verdidokumentet. Planen er utvikla i tråd med ein definert visjons- og målpyramide og skal forklare korleis organisasjonen skal gå frå visjon til strategi – eller frå tenking til måloppnåing. Føremålsplanen skal skissere grunnlaget for organisasjonen sin leverett. Justeringar av planen kan verte naudsynt undervegs i prosessen, elles vert det lagt opp til periodisk revidering av føremålsplanen.




Figur 1: Frå visjon til strategiar, visjons- og målpyramide (K. Blomvik)

Verdsarvorganisasjonen bør arbeide for ei god forankring av visjons- og målpyramiden, noko som vil kunne gje god lokal forståing og forankring for det framtidige verdsarvarbeidet. Stiftinga sitt styre og dagleg leiing pliktar til ei kvar tid å halde både Verdidokumentet og forretningsplanen/føremålsplanen ”levande” og oppdatert i forhold til skiftande høve og framtidige utsikter. Planen skal aktivt nyttast i den daglege leiinga av stiftinga, i resultatmåling og i utviklinga av verdsarvorganisasjonen og verdsarvområdet Geirangerfjorden med omland.

VERDIkjede og kjerneVERDIAR


Alle land som er avtalepart og har slutta seg til UNESCO konvensjonen for vern av verdas kultur- og naturarv av 1972, har erkjent at deira plikt er å identifisere, verne, bevare, formidle og overføre kultur- eller naturarv av framstående universell verdi til framtidige generasjonar. Dette i tråd med artikkel 4 i konvensjonen.



Figur 2: VERDIkjeden til den nye verdsarvorganisasjonen (K. Blomvik)

UNESCO konvensjonen representerer verdsarvstaden sitt viktigaste verdigrunnlag, saman med nasjonal lovgiving som Naturvernlova og utarbeidde rapporterings- og styringsverktøy som forvaltningsplanane. Saman med vedtaket frå innskrivinga av naturarvområdet Vestnorsk fjordlandskap, stadfester dette ei solid verdikjede til den nye verdsarvorganisasjonen Geirangerfjorden Verdsarv. Organisasjonen skal arbeide i tråd med sitt verdigrunnlag og utnytte potensiale som ligg nettopp i dette, for å skape heilårlege kompetansearbeidsplassar innan forretningsområda formidling, kompetansebygging/ utdanning og utvikling av verdsarvområdet.

I tillegg har ein i den vidare prosess definert organisasjonen sine kjerneVERDIAR. Verdiane skal illustrere verdsarvorganisasjonen sine haldningar, kjenneteikn, det som skal prege drifta i ulike situasjonar og saman med VERDIkjeden danne fundamentet som virksomheita skal ha sitt utspring frå.



Figur 3: KjerneVERDIAR til verdsarvorganisasjonen (K. Blomvik)

Verdigrunnlaget skal syte for at verdsarvorganisasjonen til ei kvar tid har ei berekraftig utvikling, har rett fokus, samt finn/vel dei løysingane som er heilt i tråd med intensjonen for at området fekk tildelt verdsarvstatusen.

VISJON

Å definere ein overordna visjon for det viktige verdsarvarbeidet som ligg til Stiftinga Geirangerfjorden Verdsarv, er ei viktig oppgåve som ein truleg må bruke noko meir tid på (prosessar som ofte krev modning). Visjonen skal fortelje kva organisasjonen strekkjer seg etter, eller kva som er framtidsdraumen for organisasjonen og verdsarvområdet. Visjonen bør samstundes vere samlande, motiverande, inspirerande og lett å hugse/lese/forstå.



Figur 4: Potensiell visjon for den nye verdsarvorganisasjonen?

Vår => noko vi eig, har ansvar for, styrer/har kontroll med, noko felles, fellesskap ...


Vår ARV = vår felles arv som vi skal forvalte, skjøtte og ta vare på/verne om, vise omsorg for....

Vår FRAMTID = ynskjer å nytte verdsarvstatusen til å skape ei framtid, å utvikle området til ei berekraftig framtid for våre små bygdesamfunn....

Etter ein lokal prosess i løpet av 2009, vil styret i Stiftinga Geirangerfjorden Verdsarv konkludere og samle seg rundt ein framtidig visjon for den nye verdsarvorganisasjonen.

FØREMÅL

Føremålet til den nye verdsarvorganisasjonen skal foreine mandatet til verdsarvadm. med eit samlande ideelt føremål for eit verdsarvsenter, som kan hente ut potensialet som ligg nettopp i dette. Det ideelle føremål skildrar kjernen i stiftinga si verksemd eller forretningsidé.



Figur 5: Forretningsidé / hovudføremål for Stiftinga Geirangerfjorden Verdsarv

Organisasjonen skal nytte verdigrunnet og det ideelle føremål til å utvikle eit verdsarvsenter med kompetansearbeidsplassar innan bevaring og formidling av natur- og kulturarven, samt skaffe til veie vitenskapeleg forskning, som kan danne grunnlag for ei berekraftig utvikling av verdsarvområdet, jfr. vedlegg 2.

HOVEDMÅL

Stiftinga Geirangerfjorden Verdsarv skal arbeide både for kvalitative (ikkje- kommersielle) og kvantitative (kommersielle) mål, desse er nærare spesifisert i vedlagt føremålsplan/ forretningsplan (vedlegg 2). Dei kvalitative målsettingane er direkte knytt opp mot stiftinga sitt ideelle føremål. Dei kommersielle måla er knytt opp mot at stiftinga skal vere ei næringsdrivande stifting. Stiftinga skal ha som målsetting å drive økonomisk lønsamt, slik at overskot frå lønsam aktivitet/prosjekt kan førast attende til det ideelle føremål for drifta. På dette viset kan den nye verdsarvorganisasjonen over tid vere i stand til å skape grobotn for eiga sunn framtidig verdiskaping.

STRATEGI – korleis nå våre mål...

Vald strategi skal definere nærare korleis organisasjonen skal gå fram for å nå sine mål – korleis kome frå visjon til måloppnåing og realisering. Vedlagt forretningsplan skisserer vald strategi ut frå følgjande satsingsområde: Definerings av produkt/tenester, marknad og målgrupper, vald organisasjonsform og kartlegging av kompetanse, ressursar, nettverkspartnarar/fagnettverk og utviklingsprosjekt på kort- og lengre sikt. Det ligg imidlertid spesifiserte kritiske suksessfaktorar til grunn for at vald strategi skal gje gode resultat.

Produkt / teneste

Det synest å vere tre klare hovudforretningsområde/føremålsområde som stiftinga skal arbeide innanfor: **FORMIDLING**, **UTVIKLING** og **KOMPETANSE**. Innanfor kvart av


desse områda er det i forretningsplanen/føremålsplanen skissert aktuelle produkt og tenester som verdsarvorganisasjonen skal kunne tilby. Sjå nærare i vedlegg 2.

Marknad og målgrupper

Marknaden og målgrupper til den nye verdsarvorganisasjonen er definert ut frå eit skilje mellom kommersiell og ikkje-kommersiell aktivitet. Stiftinga Geirangerfjorden Verdsarv skal i hovudsak vere statleg/regionalt finansiert og soleis vert det i fortsettinga eit tydeleg skilje mellom ein meir offentleg og fagleg/kvalitativ marknad og den reine kommersielle sida. Ein ynskjer imidlertid å utnytte det faglege innhald og produkt direkte mot den kommersielle marknaden, for å oppnå eiga verdiskaping, skape ein meir robust aktivitet og evne til vidareutvikling ved senteret. Dette vil og kunne vere styrkande i samband med heilårleg drift av senteret. Eksempelvis kan det verte aktuelt å tilby faglege seminar, workshops og populariserte fagforedrag mot bedrifts- og konferansemarknaden, i nært samarbeid med andre aktørar. All kommersiell aktivitet i regi av verdsarvorganisasjonen skal imidlertid underbyggje og ikkje kome i strid med det ideelle føremål. Den kommersielle aktivitet skal med andre ord alltid stå i harmoni med verdigrunnlaget. Ei klar langsiktig målsetting vil likevel vere å arbeide for å styrke den kommersielle aktiviteten, slik at verdsarvorganisasjonen over tid kan vere i stand til å skape grobott for eiga verdiskaping.

Organisering, laug og kompetanse

Stiftinga Geirangerfjorden Verdsarv vert etablert i samband med ein organiseringsprosess, etter at verdsarvområdet Vestnorsk Fjordlandskap (VF), representert ved Geirangerfjorden og Nærøyfjorden vart innskriven på UNESCO si liste over verdas kultur- og naturarv i 2005.



Figur 6: Forholdet mellom ulike juridiske einingar og råd i verdsarvlandskapet (K. Blomvik)

Oppretting av stiftinga Geirangerfjorden Verdsarv er forankra i Artikkel 17 i UNESCO sin konvensjon for vern av verda sin kultur- og naturarv. Verdsarvrådet for Vestnorsk fjordlandskap vil bestå som eit viktig koordinerings- og samarbeidsorgan for oppfølginga av UNESCO konvensjonen. Verdsarvrådet, saman med stiftinga sitt eige fagråd vert høyringspartar i viktige saker for verdsarvområdet. Saker som omhandlar fellesskapen i Vestnorsk fjordlandskap, skal oversendast Verdsarvrådet for formell uttale/behandling. Vidare vil ei koordinering og eit nært samarbeid med stiftinga Nærøyfjorden Verdsarvpark bli naturleg og viktig framover.

Stiftarane av den nye verdsarvorganisasjonen er Møre og Romsdal fylke, Stranda kommune og Norddal kommune. Stiftelsesstyret har all styringsmynde i stiftinga. Fagrådet til stiftinga representerer nettverkspartnarar på viktige fagområde og fungerer som eit rådgjevande organ, i tillegg til at partnarane kan vere direkte samarbeidspartnarar til stiftinga. Interessante og potensielle nettverkspartnarar er nærare skildra i forretningsplanen/føremålsplanen. Styret og fagrådets oppgåver og roller er nærare definert i stiftelsesdokumentet.

Organisasjonsmodellen inkluderer utvikling av eit Verdsarvlaug i form av eit sponsorlaug knytt til verdsarvområdet og den ideelle stiftinga Geirangerfjorden Verdsarv.

- Lokalt, regionalt og nasjonalt næringsliv
- Næringsaktørar som er bevisste aktørar i sine bransjar innan viktige verdiar; natur, kultur og miljø
- Næringsaktørar som er etiske førebilete i sin bransje
- Næringsaktørar som kan vere ambassadørar for verdsarvområde på sitt felt
- Reelle samarbeidspartnarar til stiftinga
- Aktuelle bransjar; møbelindustrien og verftsindustrien på Sunnmøre, fiskeri, bank/servicenæring, miljøvennlege kraftprodusentar m.fl.

Figur 7: Potensielle medlemmer av Verdsarvlaug

Medlemmar i Verdsarvlaugget må støtte det ideelle føremål og verdigrunnlaget til verdsarvorganisasjonen. Laugets eksklusive medlemskap tilbyr positive ringverknader for privat næringsliv, ved å vere knytt opp mot eit verdsarvområde – det vakraste av det vakraste i Noreg! Geirangerfjorden er Noregs fyrtårn i reiselivssamanheng og medlem av laugget får nytte dei unike naturverdiane aktivt i bedrifta si merkevare- og imagebygging – mot at bedriftene bidreg til ei positiv og berekraftig utvikling i og formidling av verdsarvområdet! Overskotet frå laugget skal nyttast til å oppfylle det ideelle føremålet til stiftinga. Lauget vil med andre ord kunne gjere stiftinga meir robust i sine oppgåve for å bevare, formidle og utvikle verdsarvområdet og senteret, gjennom realisering av frisk kapital.


På bakgrunn av ei kartlegging av kompetansebehov i Stiftinga Geirangerfjorden Verdsarv, har 6 fageiningar og område vorte identifisert; Naturarv, Kulturarv, FoU, Born & Unge, Arkiv/Web/Dokumentasjon og Drift. Dei ulike fageiningane skal vere resultatorientert, ha prosjekt- og fagansvar innan sitt fagfelt, samt fyller viktige funksjonar og oppgåve i verdsarvorganisasjonen. Stiftinga vil på dette grunnlag vere i stand til å møte engasjement for verdsarvsaka på fleire spreidde fagfelt på ein god og profesjonell måte.

Fageining	Fagområde	Fagkompetanse
NATURARV	Verdsarvområdet Landskapsvernområde Naturreservat Landskapsformer, geologi Biologisk mangfald Kulturlandskap Naturarrangement Skjøtsel, tilrettelegging	Fagkompetanse naturforvaltning, geologi, naturkunnskap, biologi, naturveileder, kulturlandskap, naturvitenskap, naturformidling, tilrettelegging, skjøtsel, oppsyn og overvaking (SNO)
KULTURARV	Kulturminne i verdsarvområdet med omland Kulturlandskap i verdsarvområdet med omland Kulturarrangement Skjøtsel kulturlandskap	Fagkompetanse utøvande kulturminnebevaring / forvaltning / restaurering, skjøtsel, formidling.
FoU	Forsking Kurs Konferansar Workshop Kompetanseheving Nettverk til viktige nasjonale og internasjonale forskning- og utdanningsinstitusjonar	Fagkompetanse FoU med fokusområde naturforvaltning, kulturminneforvaltning, berekraftig reiselivsutvikling, tettstadutvikling, samferdsel, ras/skredforskning m.m.
BORN OG UNGE	Verdsarvformidling mot born og unge Skular / barnehagar i M&R Barnefamiliar på besøk til verdsarvområdet Arrangement mot born & unge "Produsent" av kreative prosjekt og aktivitetar for born og unge i samarbeid med barnehagar Utvikling av naturbaserte aktivitetar og opplevingar for born i verdsarven	Fagkompetanse pedagogikk, lærarkompetanse / erfaring frå skuleverket/utdanningsinstitusjonar, ein "kreativ" idéskapar som er god på kommunikasjon mot born og unge.
ARKIV/WEB /DOK.	Dokumentasjon, arkivtenester Manuelle og elektroniske arkiv Lokale vs sentrale arkiv Databasar Websider – utvikling/fornyng og løpande oppdat. Artikkelskriving, dokumentasjonsarbeid / bilete / nyhende m.m. Interaktive formidlingsmedium Formidlingsresultat av dokumentasjonsarbeid i samarbeid med dei andre fageiningane.	Fagkompetanse web / it / database / teknisk / dokumentasjon / skribent
DRIFT	Heilårleg drift av senteret som besøkssenter, fagsenter Planlegging av drift Rekruttering/tilsetting av mellombelse tilsette Planlegging vedlikehald gjennom heile året Marknadsføring og sal av senteret Produktutvikling marknad	Fagkompetanse marknadsføring, sal og drift av reiselivsprodukt.

Figur 8: Oversikt over fageiningar, -område og kompetanse

Modellen dannar vidare grunnlag for ein meir robust verdsarvorganisasjon, der fleire nøkkelpersonar vil gjennom intern opplæring ha same basiskompetanse og soleis kan overlappe og supplere kvarandre. Ved rekruttering av basiskompetanse skal ein legge vekt på lokal kompetanse eller kandidatar som viser eit sterkt ynskje om å busette seg på Indre

Sunnmøre. Lokal basiskompetanse vil gjere det mogeleg å byggje ein robust og stabil organisasjon over tid.



Figur 9: Kartlegging av fageiningar i den nye verdsarvorganisasjonen (K. Blomvik)

Kompetansekartlegginga inneheld spesifisert behov for kompetanse, definerte arbeidsoppgåve og funksjonar, andel årsverk, målsetting om finansiering, samt nokre kommentarar knytt til kvar enkelt stilling. Sjå nærare i vedlegg 3.

Ressursar

Stiftinga Geirangerfjorden Verdsarv vil rå over både materielle og ikkje-materielle ressursar, som ein kan spele på for å nå dei mål ein har sett seg, jfr. vedlegg 2.

Nettverkspartnarar

Nettverkspartnarar eller medlemmar av fagrådet til stiftinga er organisasjonar og fagmiljø som stiftinga har eit fagleg utbytte av å ha som samarbeidspartnarar. Partnarskapen kan ha ulik form og innhald. Funksjonen skal støtte oppunder det ideelle føremål, samt styrke stiftinga si faglege tyngde og truverd.

Utviklingsprosjekt – kort og lengre sikt

Forretningsplanen i vedlegg 2 skisserer ulike utviklingsprosjekt som er nødvendige på kort og lengre sikt for utvikling av Stiftinga Geirangerfjorden Verdsarv. Prosjekta vil både krevje drifts- og investeringsmidlar. Realisering og framdrift på prosjekta avhenger av motteken finansiering. For at stiftinga skal få den tyngde og truverd som er nødvendig, så må prosjekt innan styrking og utvikling av fageiningar/kompetanse og faginnhald i senteret (geologi/biologisk mangfald/ kulturlandskap/ kulturminnebevaring) prioriterast høgt dei neste to – fire åra. Prosjekta skal kunne gje verdiskaping tilbake både til stiftinga og til verdsarvområdet.

Kritiske suksessfaktorar

Utvikling av eit levedyktig verdsarvsenter er avhengig av nokre svært sentrale og kritiske suksessfaktorar, les nærare om desse i forretningsplanen i vedlegg 2.


INTERNASJONALISERING

Stiftinga Geirangerfjorden Verdsarv skal ha ein internasjonal profil og arbeide for å halde eit internasjonalt høgt nivå på fag og i formidlinga av verdsarvkvitetane. Stiftinga bør ta initiativ til å etablere eit internasjonalt utvekslingsprogram mellom verdsarvstader/senter, der ein kan utveksle kunnskap, kompetanse og tilsette mellom ulike delar av verda. På denne måten får ein friskt tilskot av interessant arbeidskraft- og kompetanse, samstundes som sentra kan dra lærdom av kvarandre. Eit slikt utvekslingsprogram mellom verdsarvstader vil kunne gjere organisasjonen i stand til å trekkje band til ulike kulturar og soleis vere med å skape ein internasjonal møteplass der kulturuttrykk frå mange land og kontinent kan bli utveksla. I tillegg bør organisasjonen på generell basis tiltrekke seg både internasjonale og nasjonale forskarar, studentar og kollegar som kan hospitere hjå stiftinga i periodar og soleis kunne tilføre basiskompetansen internasjonalt fagleg ”påfyll”.

AMBISJONSNIVÅ

Ambisjonsnivået for den nye verdsarvorganisasjonen er lagt på eit høgt nivå, både med omsyn på fagleg tyngde, kompetanse og talet på arbeidsplassar. Dette for å møte det høge nivå som vart lagt i vedtaket i fylkestinget i sak T-44/08.

Stiftinga Geirangerfjorden Verdsarv skal arbeide etter følgjande ambisjonar:



Figur 10: Ambisjonar for den nye verdsarvorganisasjonen

Vedlegg:

1. Vedtak Fylkestinget i MØR fylke av 09.12.08: Utvikling av eit verdsarvsenter
2. Forretningsplan / føremålsplan
3. Kartlegging av kompetansebehov i den nye verdsarvorganisasjonen
4. Stiftelsesdokument